



Seim Bygg As  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2309 - 17/2207

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.01.2017

## Oversending av klage til uttale samt orientering om utsatt iverksetting gbnr 59/12 Bergfjord

Kommunen har den 24.01.17 motteken klage på vedtak om løyve til riving og oppføring av fritidsbustad på eigedom gbnr. 59/12 datert 06.01.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

### Vurdering av utsett iverksetting

I klage datert 20.01.17 er det ikkje oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 06.01.17. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtatt og underretta til partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering, basert på ein førebels vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154.

Bakgrunnen for regelen om utsett iverksetting, er omsynet til rettstryggleiken, ved at den kan hindre at gjennomføringa av vedtaket fører til uoppretteleg skade eller tap, anten for byggherre eller nabo. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Vrdering i forhold til tiltaket, plassering, storleik, innverknad for klagar m.m.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.



Det er komt inn opplysningar om at rett til veg, vatn og avløp for eigedomen ikkje er sikra slik som opplyst i søknad.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Vedlagt ligg klagen som er fremsett vi ber om dykkar uttale i høve klagen og at det dokumenterer at det ligg føre naudsynte privatettslege avtalar slik som de har opplyst i søknaden.

**Frist for innsending av uttale til klagen og innlevering av dokumentasjon på rett til veg, vatn og avløp vert sett til 21.02.17.**

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindåskommune si heimeside <http://www.lindas.kommune.no/plan-og-miljoeutvalet.298499.nn.html>

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Plan- og miljøutvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak - gbnr 59/12 Bergfjord

**Kopi til:**

Frank Kjelsvik

Brevikstølen 23 B 5179

GODVIK

**Mottakarar:**

Seim Bygg As

Nesbrekka 28 5912

SEIM